## Ein trafikkfårleg plass er sikra med nytt autovern etter utforkøyring. 09.11.2020

Vegen ved elvosen på Nedre Fet er sikra med nytt rekkverk etter utforkøyring.

**For i veke sidan var MESTA på plass og monterte nytt autovern langs Fylkesvegen på Nedre Fet. Det vart gjort etter ei utforkøyring for ei tid sidan då rekkverket vart skadd. Plassen ligg mellom Sjøhaugen og nausta i elvosen. Elva gjer ein sving her og går like opp i vegkanten. Dette er særleg kritisk i dei høve elva er stor. Den siste utforkøyringa hadde sin bakgrunn i promille.**

No er den 50 meter lange strekninga sikra med nytt autovern. Det vil hjelpa godt på. I påvente av gang-og sykkelveg, må gåande halda seg på innsida. Langs rekkverket er du ute i vegbanen og det er ikkje plass for evakuering i ein kritisk situasjon.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal